

# Styremøte Vestland – 2024

## Mandag 25.11. kl.09:00 – 12:00

### Sakskart for nettmøte



[Maria Johanne Liabe](#)

Kategori: Skapende skriving  
Sted: Osterøy, Vestland  
Nominert: 2024



[Ole Marius Stele](#)

Kategori: Dans  
Sted: Bergen, Vestland  
Nominert: 2024



[Eline Jacobsen Liljestøl](#)

Kategori: Teater  
Sted: Stad, Vestland  
Nominert: 2024

**Drømmestipendet fordeler årlig 1,5 millioner kroner på 50 unge kunst- og kulturutøvere fra hele Norge**

Drømmestipendet er et samarbeid mellom Norsk Teater og Kulturskoleråd. Stipendet ble etablert i 2004. Siden den gang har over 2000 unge kunst- og kulturutøvere mottatt stipendet.

[Les mer](#)

09.11.2024 kl. 19:00 - 20:00  
09.11.2024 kl. 19:00 - 20:00



[Sara Sandvik Arnestad](#)

Kategori: Dans  
Sted: Stad, Vestland  
Nominert: 2024

## Sakskart til styremøte 25.11.24:

2024.01 Godkjenning av innkalling og sakskart .....	3
2024.02 Referatsaker .....	5
Økonomirapport 3. kvartal .....	5
Rådgjevar sin rapport .....	6
Leiar sin rapport frå siste hovudstyremøte .....	7
2024.03 Styrearbeid .....	8
2024.04 Politisk arbeid .....	9
2024.05 Utviklingsområda .....	10
2024.06 Orienteringar .....	11
2024.07 Eventuelt .....	12

### Frå styret møter:

styreleiar Hege Eide Vik  
nestleiar Kjetil Høgseth Felde  
styremedlem Øystein Røsseland Kvinge  
styremedlem Karianne Kayser  
styremedlem Rolf Seldal

### Frå administrasjonen møter:

rådgjevar Kristin Geiring

## 2024.01 Godkjenning av innkalling og sakskart

**Saksdokument:** Sakskart på side 2  
Innkalling på side 4

**Sakshandsamar:** Kristin Geiring

**Forslag til vedtak:**  
Innkalling og sakskart godkjent.

**Saksutgreiing:**  
Innkallinga og sakskartet er utsend i samsvar med vedtektene og møteplanen.

**Fylkesstyret:**

leiar	Hege Eide Vik
nestleiar	Kjetil Høgseth Felde
styremedlem	Øystein Røsseland Kvinge
styremedlem	Karianne Kayser
styremedlem	Rolf Seldal
varamedlem	Kirill Zimin
varamedlem	Kjartan Fjordheim

**Administrasjonen:**

rådgjevar Kristin Geiring

**Innkalling til fylkesstyremøte i Vestland, nr. 4 – 2024 den 25.11.24 kl. 09:00-12:00.**

Arrangement	Dato/tid	Stad
Fylkesstyremøte 4 – 2024	25.11 / 09:00-12:00	Nett – kalenderinvitasjon

Innkallinga er i samsvar med møteplan.

Sakskartet vert utsendt fjorten dagar før. Forfall vert å melde til underteikna snarast mogeleg.

Fylkesstyret si nettside finn du [her](#). Der finn du bl.a. oppdatert møteplan og styreinstruks.

Vel møtt!

Venleg helsing

Kristin Geiring

rådgjevar, telefon: (+47) 41570508 / e-post: [kristin.geiring@kulturskoleradet.no](mailto:kristin.geiring@kulturskoleradet.no)

## 2024.02 Referatsaker

- Saksdokument:**
1. Rekneskap 3. kvartal 2024 side 5.
  2. Rådgjevar sin rapport side 6-7.
  3. Leiar sin rapport frå siste hovudstyremøte side 7.

**Sakshandsamar:** Rådgjevar og styreleiar

### Forslag til vedtak:

Referatsakene er tatt til orientering.

### Saksutgreiing:

#### Økonomirapport 3. kvartal

Avdeling 11 Prosjekt (R8) 112  
Norsk Kulturskoleråd  
Hele 2024

Organisasjonsnr.: 875627422  
Utskriftsdato: 10.11.2024

NOK	Perioden, Januar - Desember			
	Regnskap	Budsjett	Avvik	Endring
Salgsinntekter	281 995	277 000	4 995	1,8%
Andre inntekter		90 000	- 90 000	
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>281 995</b>	<b>367 000</b>	<b>- 85 005</b>	<b>-23,2%</b>
<b>Bruttofortjeneste</b>	<b>281 995</b>	<b>367 000</b>	<b>- 85 005</b>	<b>-23,2%</b>
Lønnskostnad	48 601	108 000	- 59 399	-55,0%
Arbeidsgiveravg. og pensjonsk.	6 853	15 000	- 8 147	-54,3%
Andre personalkostnader				
<b>Sum personalkostnader</b>	<b>55 454</b>	<b>123 000</b>	<b>- 67 546</b>	<b>-54,9%</b>
Kostnader lokaler	20 646	10 000	10 646	106,5%
Leie maskiner, inventar o.l.	40 000		40 000	
Kostnadsførte anskaffelser	2 204		2 204	
Fremmede tjenester	15 000		15 000	
Kontorkostnad	3 048	40 000	- 36 952	-92,4%
Telefon, porto o.l.	2 631		2 631	
Kostnad og godtgjørelse for reiser	185 235	50 000	135 235	270,5%
Kontingenter og gaver	1 910		1 910	
Annen kostnad		144 000	- 144 000	
Tap og lignende				
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>270 674</b>	<b>244 000</b>	<b>26 674</b>	<b>10,9%</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>- 44 132</b>		<b>- 44 132</b>	
Finansinntekter				
Finanskostnader				
<b>Sum finans</b>				
<b>Resultat før skatt</b>	<b>- 44 132</b>		<b>- 44 132</b>	
<b>Årsresultat</b>	<b>- 44 132</b>		<b>- 44 132</b>	
Overføringer og disponeringer				

### Merknad:

Driftstilskot frå Kulturskoleråd kjem primo/medio juni for fyrste halvdel av 2024 og for andre halvdel kring primo/medio desember.

Omgrepet «salsinntekter» er fast i rekneskapssystemet Kulturskolerådet nyttar. Under salsinntekter ligg driftstilskot til fylkesavdelinga motteke frå Norsk kulturskoleråd, tilskot motteke frå kommunar og fylket i Vestland til arrangement i fylket for born og unge og eventuelle deltakarkontingentar frå konferansar, seminar og leiarsamlingar. Arrangement, konferansar, seminar og leiarsamlingar er budsjettert i balanse og vert gjerne og subsidiert av fylkesavdelinga. Fremmede tjenester er konsulenthonorar.

## Nettverksarbeid

- 1. Vestland fylkeskommune** har det vore administrativ kontakt med i perioden i høve fordjuping og sak som fylkeskommunen førebudde til fylkesutvalet. Fylkeskommunen ved avdeling for Kultur og folkehelse vart invitert til å halde eit innlegg og ta del i dialogen om fordjuping. Avdelingsdirektør og seniorrådgjevar med ansvar for sakshandsaming i høve kulturskulane tok del. 22. oktober gjorde fylkesutvalet vedtak i PS 265/2024 Fylkeskommunen si rolle overfor kulturskulane. Saksframstilling, vedlegg og saksprotokoll på denne sida: [Utvalsmøte](#). Vestland fylkeskommune føl i fylgje e-post opp vedtaka som er gjort i saka.
- 2. NMF Hordaland** vart invitert av Kulturskolerådet til leiarsamling der dei held eit innlegg på følgd av dialog. Me ser no på korleis me kan ta dette vidare. På digitalt møte nasjonalt mellom NMF og Kulturskolerådet vart Vestland / Hordaland bedt om å orientere om tiltaka.
- 3. Leiarsamling** for rektorane / leiinga i kulturskulane i Vestland vart arrangert fysisk i Bergen 26.-27. september. Utviklingsområda vedtekne på årsmøtet 2023 var hovudsak for innlegg og dialog med gruppearbeid.
- 4. De unges festspilldag (DUFD) og De unges festspillforestilling (DUFF)** har fokus i samtale politisk og i styret. Det er ønske om å ivareta arenaen.
- 5. Høgskulen på Vestlandet** har i samskaping med Kulturskolerådet Vestland utvikla to studiemodular på kvar 7,5 studiepoeng innan Profesjonsfagleg digital kompetanse i kulturskolen. Studiet har søknadsfrist 15.11. for første modul.
- 6. Fagråd for musikk dans drama (MDD) Vestland** vart invitert til leiarsamlinga i september som observatør. Me fekk starta ein dialog med representanten saman med fylkeskommunen representert ved Kultur og folkehelse. Rådgjever har i etterkant teke kontakt med fagråd for MDD i Vestland og nasjonalt. Det er av interesse å sjå på korleis me kan samarbeide vidare. Rådgjeva vart invitert til å halde innlegg for leiarar og lærarar innan MDD Vestland på fagdag. Me ser på om det let seg gjere å få til Dialogkonferanse på fagdagen dei har i januar 2025, der leiarar i kulturskulane og ansvarlege lærarar innan fordjuping vert invitert. Leiar og arbeidsgruppa for veiledning og rammeplanutvikling i Kulturskolerådet er informert om status for å sjå samanheng i fordjupingsarbeidet.

## Styrearbeid

- 1. Arbeidsutvalet (AU)** i Kulturskoleråd Vestland, repr. ved styreleiar, nestleiar og rådgjever, hadde møte 04 – 2024 den 7.8.
- Det har mellom styremøte 03-2024 og fram mot styremøte 04-2024 vore kommunikasjon på mobil og e-post mellom AU og styret inkludert varamedlemmer i høve saker og fristar som me må handtere før styremøte 4-2024.
- 3. Delegasjonsmøte før Landstinget** vart held i Bergen 4. oktober.
- 4. Landstinget** 16.-17. oktober i Bodø vart avvikla med resultat som de kan sjå på nettsida til Kulturskolerådet der også protokollen vert lagt ut. Revidert rammeplan «Kulturskole for alle» vert etter ei mindre justering lagt ut på nettsida klar for politisk oppfylgning i kommunane. Sjå [saker og protokoll frå Landstinget 2024](#).
- 5. Møte med stortingsbenkane for Hordaland og for Sogn & Fjordane** vert 12. november på Stortinget. Frå Kulturskolerådet Vestland stiller arbeidsutvalet. me har på forslag frå rektorar invitert med to tidlegare elevar som held til i Oslo som student og artist, for å bidra med kunstarisk innslag og dialog. Revidert rammeplan «Kulturskole for alle» vert ramme for saker me løfter.

## Utviklingsområde

### Digitalitet

1. **Høgskulen på Vestlandet (HVL)** har i samarbeid med Kulturskolerådet si digitale avdeling og regionavdelinga samarbeidd. Resultatet er «Profesjonsfagleg digital kompetanse i kulturskolen», to heildigitale modular som tek for seg digital praksis og utvikling av digital kompetanse i kulturskulen. Emnet har særleg vekt på leiing av digitalt støtta læring innan alle kunst-og kulturfag. Søknadsfrist er 15. november 2024 for våren 2025. Vidareutdanninga er lagt ut [på denne sida](#). Sjå [nyhendesak](#) på Kulturskolerådet.

Våren 2025 vert modul to lyst ut med søknadsfrist 15. april 2025. Emnet gir fordjuping i digital kompetanse knytt til undervisningspraksis: «Profesjonsfagleg digital kompetanse i eigen kulturskulepraksis». Studiemodulane er på kvar 7,5 studiepoeng, digitale, gratis og er lyst ut for nasjonalt for kulturskulelærarane. Digital avdeling i Kulturskolerådet har ei viktig rolle saman med rådgjevar i samarbeidet med HVL.

### Fordjuping

1. **Fagråd for musikk, dans, drama (MDD) og Fagråd for kunst, arkitektur og design (KDA) i vidaregåande skuler, Vestland** er aktuelle for vidare samarbeid innan fordjuping.
2. **Ungdommens musikkmonstring (UMM)** er arrangert regionalt i Bergen, Fana kulturhus, 9. og 10. november. Deltakarar innan kammermusikk har auka. Innleigde frå Fana musikkråd gjorde ein framifrå innsats med kafe og vakthald. Det er noko fleire deltakarar i 2024 samanlikna med førre arrangering i 2022.

### Mangfald

1. **Kulturkonferansen Vestland** i Bergen den 13. september hadde relevant tematikk innan mangfald. Styremedlem Kayser representerte.
2. **Konferansen Musikk som helsefremmande ressurs** 19. september på Stord vart avlyst. Konferansen vert arrangert i løpet av våren2025. Styreleier er vald som representant frå Kulturskolerådet.
3. **Polyfonkonferansen** vart arrangert 7. november i Bergen. Styremedlem Kayser tok del.

## Framtidas kulturskule

1. **Kulturskulen i framtidias kommune (KFK)**  
Sogn og Luster kommunar tek del i det som no har endra namn frå Framtidias kulturskule til Kulturskulen i framtidias kommune (KFK). Veileder frå Kulturskolerådet er Elin Kvernmoen. Rådgjevar er inne som vikar i oppstarten. På Leiarsamlinga i Bergen vart rektorane spurd kvifor kommunane ikkje melde seg på KFK. Årsak var stort sett arbeidspress og økonomi.

[Leiar sin rapport frå siste hovudstyremøte](#)

Rapport frå hovudstyremøte 3-2024 og Ekstramøte 2 den 6.sep. vert lagt fram munnleg av styreleiar på styremøte 4-2024 på grunnlag av [sakskart og protokoll](#).

## 2024.03 Styrearbeid

**Saksdokument:** Lenker i saksutgreiing. Andre saksdokument vert utsend i e-post.

**Sakshandsamar:** Kristin Geiring

### **Forslag til vedtak:**

1. Tatt til orientering.
2. Møteplan for 2025 vert fastsett ut ifrå hovudstyret sin møteplan.
3. Budsjett 2025 vedtatt.

### **Saksutgreiing:**

1. Styreinstruks 2025 vert sak for hovudstyret. Regionavdelinga føl saken vidare.
2. Møteplan 2025 vert drøfta og lagt opp ut ifrå hovudstyret sin møteplan.
3. Budsjett 2025 vert drøfta.



## 2024.04 Politisk arbeid

**Saksdokument:** Munnleg framlegging. Saker og protokoll frå Landstinget 2024.  
Sakskart hovudstyremøte 4-2024

**Sakshandsamar:** Kristin Geiring

### Forslag til vedtak:

1. Vedtak frå landstinget 2024 vert følgt opp i det vidare arbeidet.
2. Tatt til orientering
3. Status for DUFF og DUFD tatt til orientering.
4. Konferanse tilknytt Regionmøte med val hausten 2025 vert arbeidd vidare med.
5. Sak frå musikkpedagog om å fremje inkludering av menneske med nedsett funksjonsevne vert sendt vidare til Kulturskolerådet ved leiinga.
6. Saker til regionmøte vert følgt opp på styremøte 1-2025.

### Saksutgreiing:

Politisk arbeid vert sett i samanheng med Strategi 2032, Meld.St.18(2020-2021), vedtak frå årsmøte, landsting og hovudstyre og utviklingsplan for utviklingsområda.

1. Landstinget 2024. Oppsummering og drøfting av vidare arbeid. Til drøfting: Kva tyder vedtaka for styret sitt vidare arbeid? Korleis viser Vestland sine prioriteringar att etter Landstinget?
2. Hovudstyremøte 4-2024 sakskart vert lagt fram for gjennomgang.
3. «De unges festspilldag»(DUFD) og «De unges festspillforestilling»(DUFF) vert drøfta i lys av økonomien.
4. Styret drøfter konferanse tilknytt regionmøte med val to.13.-fr.14. november 2025.
5. Kulturskolerådet Vestland ved styreleier har motteke spørsmål frå musikkpedagog i høve det å fremje inkludering av menneske med nedsett funksjonsevne. Det vert vist til rapport frå NTNU og Terje Olsen frå FAFO og vedlegg i e-post som er sendt styret.
6. Kva saker ønsker styret å melde til regionmøte med hovudstyret?

## 2024.05 Utviklingsområda

**Saksdokument:** [Handlingsplan perioden 2024-2025 ligg på nettsida.](#)

**Sakshandsamar:** Kristin Geiring

**Forslag til vedtak:**

Handlingsplan perioden 2024-2025 lagt fram i styremøtet er tatt til orientering.

**Saksutgreiing:**

Handlingsplan perioden 2024-2025 vert lagt fram på styremøtet for gjennomgang.

## 2024.06 Orienteringar

**Saksdokument:** Ingen saker.

**Sakshandsamar:** Kristin Geiring

**Forslag til vedtak:**

Det er ingen saker til orientering.

## 2024.07 Eventuelt

**Saksdokument:** Ingen saker.

**Sakshandsamar:** Kristin Geiring

**Forslag til vedtak:**

Det er ingen saker til eventuelt.